

Fra: Tord Kristian Karlsen (Tord.Karlsen@sjofartsmuseum.no)

Sendt: 12.12.2016 12:27:45

Til: Monika Cecylia Serafinska

Kopi:

Emne: RE: E39 Stord - Os på høyring

Vedlegg: image001.png

Vedr. E39 Stord - Os.

Forholdet til marine kulturminne –Varsel om krav av marinarkeologiske registreringar.

Me viser til e-post dagsett 01.12.2016.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Sjø og vassareala i saken er omfattande i område som er kjende for ein sterk og rik maritim kultur og historikk. Når alternativ blir vald, vil me ha betre forhold for å vurdere kva type undersøkingar me har behov for. Dersom det planleggjast kartlegging av sjøbotn råde me tiltakshavar til å kontakte Bergens Sjøfartsmuseum i forkant av undersøkingane slik at me kan vurdere korvidt me kan og burde delta på kartlegginga.

Bergens Sjøfartsmuseum, vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i området. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrøyrande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast. Me anbefala å gjera dette tidlig i prosessen når alternativ er vald.

Tord Kristian Karlsen / Marinarkeolog
tord.karlsen@sjofartsmuseum.no / 55 54 96 03

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Sjofartsmuseum.no

Haakon Shetelig's plass 15, 5007 Bergen



From: Monika Cecylia Serafinska [mailto:Monika.Serafinska@hfk.no]

Sent: Thursday, December 01, 2016 10:33 AM

To: 'Bergens Sjøfartsmuseum' <marinarkeologi@sjofartsmuseum.no>

Subject: E39 Stord - Os på høyring

Importance: High

Hei.

I går fekk eg inn statleg kommunedelplan for E39 Stord – Os på høyring med frist 20. januar. Saka må opp til politisk behandling, og dette betyr at vi må skrive ferdig saka innan 15.12.2016. Fint om vi kunne få tilbakemelding frå dykk innan 14.12.2016.

Med helsing

Monika Serafinska

Arkeolog | Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren

Tlf.: 55 23 91 80

www.hordaland.no